

Utstyr – avfallsdunkar, vasspostar, benkar m.m.

På ein gravplass er det naturleg å møblere med utstyr som vasspostar, avfallsdunkar, benkar, straumuttak m.m. Desse elementa er med på å gjere gravplassane meir funksjonelle for dei besøkjande og for dei tilsette. Utstyr bør stå på gravplassen med omtrent lik avstand seg imellom. Utforminga av slik utstyr har verd for opplevinga av gravplassen. Materiale og handverk må alltid ha god kvalitet.



Bragernes kirkegård, Drammen. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Råd og rettleiing

Generelt

- Utstyr må ikkje stå i gangsoner slik at det hindrar ferdsel. Samstundes bør einingane stå slik at dei er synlege og lett tilgjengelege. Utstyret må vere utforma og stå plassert slik at alle kan bruke det.
- Avstanden mellom utstyr og graver bør vere minst 1 m. Om utstyret står på ein plass med fast dekke bør avstanden mellom grav og fast dekke vere minst 1 m. Skjerm gjerne dei nærliggande gravene med vegetasjon eller liknande.
- Utforminga bør vere diskre og høyre med som ein naturleg del av den visuelle heilskapen til gravplassen. Dette dreier seg særleg om materiale og fargar.

Vasspostar og avfallsdunkar

- Vasspostar bør plasserast med innbyrdes avstand på ca. 60 m slik at det er kort veg mellom vasspost og grav. Av omsyn til universell utforming bør lokk på avfallsdunkar vere i ei passande høgde og ikkje tunge å løfte. På vasspostar bør krana vere lett å vri eller trykke på. Det kan gjerne vere ei hylle ca. 0,4 m over bakken der vasskanna kan stå, slik at ein ikkje treng å løfte kanna opp frå bakkenivå. Krana bør vere ca. 0,4 m over dette igjen.
- Hugs at vassrøyr ikkje skal gå under gravfelt. Røyr må ligge i vegtrasear eller i eigne trasear utanom gravfelt. Traseane må vere vide nok til at ein kan gjere vedlikehaldsarbeid og reparasjonar utan å røre graver.
- Avfallsdunkar som må tømmast med traktor eller bil, bør stå plassert langs veg. Men unngå at dei står som fondmotiv i enden av ein akse eller liknande.

Benkar

- Benkar vil gi besøkjande høve til å setje seg ned og ta ein kvil. Dei kan innby til refleksjon og ettertanke. Det kan vere naturleg å plassere benkar langs vegsystema der folk ferdast, men det kan òg vere behov for sitteplassar på meir avskjerma og rolege stader. Ved minnelundar kan benkar til dømes stå slik at dei gir utsikt til minnesmerket, gravfeltet eller eit flott landskap.
- Der det er høveleg kan det stå ein benk utan rygg slik at ein kan velje synsretning. For eldre kan det vere tenleg at benken har ryggstø og minst eitt armlene. Ved utforminga av nye sitteplassar må ein sette av plass til rullestol.
- Benkane bør vere av ein type som passar inn på gravplassen, men ein eldre gravplass treng ikkje ha «historiske» benkar så lenge dei er diskre og har god kvalitet.



Nedgravde avfallsdunkar på Time gravplass i Time kommune. Her ble det planlagt for nedgravde avfallsdunkar i forbindelse med utvidinga. Foto: Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Avfallsdunkar for nedgraving

Denne typen avfallsdunkar bør ein helst berre installere på gravplassar i samband med nyanlegg eller utvidingar når det er lagt til rette for det. På eksisterande gravplassar kan det vere vanskeleg å få til gode løysningar som ikkje verkar skjemmande. Tiltaket fordrar mellom anna god nok avstand mellom avfallsdunkar og graver. Ver òg merksam på dei etiske problemstillingane. Avfallsdunkar skal ein ikkje grave ned inne på gravfelt.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørtnad som eigenarten legger til grunn.

Når må ein søke Statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4.

Som regel vil oppsett av utstyr ikkje vere ein vesentleg endring av gravplassen, men Statsforvaltaren skal handsama nedgraving av avfallsdunkar inne på eksisterande gravplass.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplassloven
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Byggteknisk forskrift (TEK17)
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Januar 2023